

**Fra:** Anne Vedvik  
**Sendt:** 02.01.2015 11:20:55  
**Til:** Tor Anders Hauge  
**Kopi:** Arve Halvorsen (Arve@bergentaxi.no)

**Emne:** Sender e-post: HFK  
**Vedlegg:** image001.png;image002.png  
Godt nytt år!

Me viser til Dykkar brev av 17.12.2014.

Til orientering kan me opplysa at sentralane i Bergen køyreområde har fått utsett svarfrist på forslag til endringar i køyrereglementet til 1. februar 2015. Forslaget har då vore på høyring i 3 månader. Ein vil ikkje behandla endringar i reglementet i samband med drosjeevalueringa i Samferdselsutvalet i januar, men ein tar sikte på å behandla reglementet og eventuelle endringar i eiga sak seinare.

Vårt brev av 30.10.2014 vart på vanleg måte sendt i kopi til Norges Taxiforbund avd. Bergen v/Arve Halvorsen og til avd. Hordaland v/Berit Jacobsen. Etter dei opplysingar me har, representerer Arve Halvorsen fylkesavdelinga sine medlemmer i Bergensområdet, medan du som leiar i fylkesavdelinga representerer alle medlemmer i Hordaland utanom Bergensområdet. Frå tidlegare representant for taxiforbundet sine medlemer i Norgestaxi Bergen, Magne Lerstad, har me fått opplyst at Berit Jacobsen representerer fylkesavdelinga sine medlemer i Norgestaxi Bergen særskilt, etter at han gjekk over til Bergen Taxi. Utover dette kjenner me ikkje til korleis representantane for taxiforbundet internt handsamar post frå samferdselsavdelinga.

Me har ikkje tidlegare mottatt reaksjonar på framgangsmåten med å senda post til sentralane i Bergensområde, i kopi til lokalavdelingane av taxiforbundet. I fleire høve har me mottatt uttale frå taxiforbundet som har vore med i vårt vurderingsgrunnlag. Me har ikkje tidlegare fått reaksjonar på at Berit Jacobsen har vore nytta som representant for avd. Hordaland. Dersom det er slik at du som leiar for fylkesavdelinga er rette vedkomande for post til medlemmene i andre sentralar enn Bergen Taxi, bed me om å få dette stadfesta og me vil endra våre rutinar.

Norges Taxiforbund sine lokalavdelingar som har mottatt brevet i kopi, har òg uttalerett. Samferdselavdelinga vil ta alle innspel opp til vurdering.  
Fristen er forlenga til 1. februar for alle, dette gjeld òg for taxiforbundet sine representantar.

Venleg helsing

**Anne Vedvik**  
Seniorrådgjevar  
Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen



Tlf: 55 37 80 56  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Tor Anders Hauge [mailto:[toanhaug@bkkfiber.no](mailto:toanhaug@bkkfiber.no)]  
**Sendt:** 29. desember 2014 20:23  
**Til:** Anne Vedvik  
**Emne:** Sender e-post: HFK

Hei og riktig god jul. Kunne du ha levert vedlagt brev til rette person hos dere 😊. Takk for det

gamle og riktig godt nyttår.

Mvh

Tor Anders Hauge  
Leder NT avd Hordaland